

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skreven: 13.04.2005
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 01.03.05 - 08.03.05**

Styresak 40/05 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 8

Styremøte 25.04. 2005

Oversikt over nye lovar og lovendingar i perioden 01.03.05 – 08.04.05

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld	Kommentarar/status
Det er ikkje gitt nye lover eller gjort endingar i lover i perioden.			

Oversikt over nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 01.03.05 – 08.04.05

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld	Kommentarar/status
Forskrift om krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.	29.03.05	Det er vedtatt ny forskrift om krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Forskrifta gjeld legevaktordninga, den medisinske naudmeldetenesta og ambulansetenesta. Forskrifta tok til å gjelde frå 1. april 2005.	Grunngjeve i eit ønske om at dei akuttmedisinske tenestene må vere ein fullverdig og integrert del av heile behandlingsskjeda, er det i den nye forskrifta stilt konkrete krav til betre koordinering, auka kompetanse og tiltak for å auke tilgjengelegheit ved uttrykking. Den nye forskrifta stiller mellom anna

			følgjande krav: Ambulansane skal vere tomannbetente, dett blir stilt særskilde krav til kompetanse til ambulansepersonell , ambulansane skal som hovudregel vere bemanna med tilstedevakt og dei regionale helseføretaka og kommunane skal sikre naudsynt samarbeid i den akuttmedisinske kjeda og sørge for at tenestene er samordna med andre naudetatar og myndigheitar.
Forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar	05.04.05	Rennesøy kommune har endra status frå nynorskkommune til nøytral kommune.	Endringa inneber at Helse Stavanger HF vil vere språknøytral etter mållova.

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og Omsorgsdepartementet i perioden 01.03.05 – 08.04.05

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Nytt naudnett. Retningslinjer for kontakt med marknadsaktørar medan konkurranse for kjøp går føre.	03.03.05	HOD gir i brevet forsiktighetsreglar/retningslinjer for tilsette i føretaka som er involvert i naudnettsprosjektet i den tida konkurransen om det nye naudnettet går føre. Helse vest RHF har vidareformidla retningslinjene i brev til helseføretaka 10.03.05.
Rus og barnevernreformane – ansvar for regulering av opparbeide pensjonsrettar.	01.04.05	HOD fastsett at det fulle økonomiske ansvar for pensjonsrettar til både aktive, pensjonistar og tidlegare tilsette med fripolisar vert overført frå fylkeskommune til staten når det gjeld rettar knytt til overføring av rusreforma.